

**Fra:** Merethe Tvedt  
**Sendt:** 12. februar 2015 15:48  
**Til:** 'rune.kristoffersen@villanger.no'  
**Emne:** Innkalling til forhåndskonferanse  
**Vedlegg:** SJEKKLISTE OG REFERAT FORHÅNSKONFERANSE BYGGESAK (L)(47148).pdf

Hei!

Under tilvising til dykkar anmodning om forhåndskonferanse mottatt 04.02.2015 vert du/dykk med dette innkalla til førehandskonferanse ved Meland Rådhus tysdag 17. februar kl. 09.00. Dersom du/dykk ikkje har høve til å stille, ber eg om at du kontaktar meg for avtale om nytt møtetidspunkt.

Av innkomen dokumentasjon går det fram at du ynskjer nærmare avklaring tilknytt følgjande byggjetiltak:

1. Oppføring av einebustad og garasje for gbnr 27/195
2. Dispensasjon frå byggegrense og avstand til veg på gbnr 27/195
3. Sum utrekna BYA i reguleringsplanen for Moldekleivmarka er satt til 30 %. Det er opplyst at tiltaket vil gå over tillat utnytting. Administrasjonen gjer Dykk merksam om at dette inneber dispensasjon frå utnyttingsgrad satt i reguleringsplanen.

Føremålet med ei førehandskonferanse etter plan- og bygningslova § 21-1 er å avklare dei offentleg-rettslege føresetnadane for tiltaket og rammene for den vidare handsaminga. Det er derfor viktig at både kommunen og du som tiltakshavar er tilstrekkelig førebudd innan konferansen vert halde. Eg vil difor rå til at du les gjennom vedlagte sjekklister, då denne lista omfattar dei fleste momenta som det normalt er føremålstenleg å få avklart i samband med ein førehandskonferanse.

Med vennleg helsing  
Merethe Tvedt  
Byggesakskonsulent  
Meland kommune